



Nærøyfjorden
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre
Møtestad: teams
Dato: 13.05.2024
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Teamsmøte. Link til å delta ligg i kalenderinnkallinga.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 19/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 20/24	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 21/24	Orienteringar og referatsaker		
RS 10/24	Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - tilsyn med grindanlegg mot CWD		2024/5599
ST 22/24	Nærøyfjorden landskapsvernområde -midlertidig basestasjonar for bjøllesystem for sau		2023/6830
ST 23/24	Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - utbetring av tak på stølshus - 55/1		2021/2525
ST 24/24	Nærøyfjorden verneområdestyre - Revidert tiltaksplan etter supplerande tildeling april 2024		2023/17301

ST 19/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 20/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen
ST 21/24 Orienteringar og referatsaker
**RS 10/24 Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde -
motorferdsel - helikopter - tilsyn med grindanlegg mot CWD**



Arkivsaksnr: 2023/6830-0

Sakshandsamar: Maria Baudonnel Underdal

Dato: 06.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	22/24	13.05.2024

Nærøyfjorden landskapsvernområde -midlertidig basestasjonar for bjøllesystem for sau

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Vestland Bjøllelag SA løyve til å sette opp 2 nye basestasjonar og å flytte ein basestasjon for elektronisk bjøllesystem til husdyr i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Plasseringane av basestasjonane går fram av figur 1.
- Nøyaktig GPS-punkt skal målast inn ved montering og sendast til sekretariatet for Nærøyfjorden verneområdestyre innan 31.07.24
- Basestasjonen kan festast i fjellet med inntil 8 jernboltar på 8 mm i diameter.
- Det kan plukkast steinar frå nærområdet til skjerming av festepunkta til basestasjonen. Steinane skal ikkje plukkast frå vardar eller andre kulturminne.
- Dersom det vert gjort funn av fangstanlegg der basestasjonen er planlagt, må tiltakshavar ta kontakt med verneområdestyret for å avklare ny plassering av basestasjonen.
- Maksimal høgde på mastene skal vera 110 cm over bakken.
- Basestasjonen skal plasserast slik at dei er minst mogleg synleg frå stiar i området, og nedanfor høgste toppane for å gjera stasjonane minder ruvande i landskapet.
- Løyvet til å sette ut basestasjonen gjeld mellom 15.06.24 og 15.07.24.
- Basestasjonane er midlertidige, og løyvet til å ha dei ute går ut 31.12.2027.
- Søkjar skal demontera og frakta basestasjonane ut av området straks dei ikkje er i bruk, er ute av drift eller er skada. Jernboltane skal skjerast ned jamt med fjellet.
- Når ein base vert gjerna skal det sendast rapport med bilete.
- Basestasjonane skal kunne nyttast av andre beitelag med husdyr i same fjellområdet.



Figur 1: Blå punkt viser dagens basestasjonar innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Oransje punkt viser plassering av omsøkte basestasjonar.

Løyve til motorferdsel:

- Løyvet gjeld for 2 turar med helikopter for transport av utstyr til basestasjonane.
- Løyvet gjeld ein dag i perioden 15.06.24 - 15.07.2024.
- Transporten skal om mogleg skje utanom søndagar og heilagdagar
- Det skal takast omsyn til naturmiljø (særleg villrein) og folk i området ved gjennomføringa.
- SNO v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 970 97 720) skal varslast på førehand om kva dag det vert køyring. SNO kan gje informasjon om det er kjennskap til villrein i området.



- Dersom SNO har kunnskap om at villreinen er i nærleiken av eit av områda, må flyginga utsettast til reinen har trekt vekk frå området.
- Dersom villrein vert observert under helikoptertransporten, skal flygeruta endrast slik at villreinen ikkje vert uroa.
- Dette løyvet og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før turane startar.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet for Nærøfjorden verneområdestyre innan 31.07.2024.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta. Tiltakshavar må i tillegg henta inn naudsynte avtalar med grunneigarar i området, og avklara med kommunane om tiltaket er søknadspliktig.

Saksopplysningar


- Søknad frå Vestland Bjøllelag SA om utsetting og flytting av basestasjonar for bjøllesystem i Nærøfjorden landskapsvernområde, 26.04.2024.
- Søknad frå Vestland Bjøllelag SA om utsetting av basestasjonar for bjøllesystem i Nærøfjorden landskapsvernområde, datert 14.04.2023.
- Uttale til søknaden 14.04.2023, Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell, 01.06.2023.
- Uttale til søknaden 14.04.2023, Vestland fylkeskommune, 02.06.2023.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002.
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009.
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1-2008.

I 2023 vart det gitt løyve til å sette opp fire basestasjonar for elektronisk bjøllesystem til sau i Nærøfjorden landskapsvernområde.

Kvar basestasjon inneheld ein boks på ca. 30 cm x 30 cm x 8 cm med 3 antenner på. I tillegg er det ein batteriboks og eit solcellepanel. Solcellepanelet skal vera i drift frå mars til november. Systemet er i dvale om vinteren, og kjem automatisk i drift att når det er nok sol på ettervinteren. Solcellepanelet ligg skrått på bakken, og vil med det gje lite gjenskin frå sollyset. Det er ikkje naudsynt med vedlikehald av stasjonane, med mindre det er feil på basen, batteri eller solcellepanelet. Eventuelt vedlikehald kan gjennomførast utan motorisert ferdsl. Årleg tilsyn av stasjonane vert gjennomført i samband med tilsyn av sau i beitesesesongen.



Figur 2: Skisse av basestasjon. Kopi får søknaden frå 2023



Figur 3: Bilde av basestasjon. Kopi frå søknad frå 2023.

Dei søker no om:

«På vegne av Fresvik beitelag, søker hermed Vestland Bjøllelag SA om løyve til å setje opp 2 stk basestasjonar i Nærøyfjorden landskapsvernområde, samt flytte 1 stk eksisterande.

Dette er ein videreføring av prosjekt frå 2023. Plassering base er planlagt på nordsida av Helgedalen, på kanten ved punkt mrk 1393, som vist i vedl 2 og 3.

Vedlegg 2 «2023-Fresvik-signaldekning Helgedalen» viser sporingsdata og signaldekning frå 2023. Røde punkt viser at bjølla ikkje har hatt dekning, men lagra signala, for så å tømme loggen når ho kjem i dekning att. Gul trekant markerer punkt der me ynskjer plassera base, for å fylla ut manglende dekning i Helgedalen, vist med merka felt, vedl 3.



Så er det etter nærmare vurdering, komme ynskje om ein ekstra justering, der ein ynskjer etablere ny base (B36) i sør-øst kanten av Nonhaugfjellet. Denne skal dekke området Lægdene samt heile øst sida av Aurlandsfjorden, gitt nye medlemmer i Austfjelli Beitelag. Herunder områda Storebotnen, Djupedalen og Kolarbotnen

Søker òg om å få flytte base B35 litt lenger nord på Nonhaugfjellet ut fra signal dekning i Tundalen da ny lokasjon treffer bedre linje ift dalføret. Ref vedlegg «2024-Fresvik-base på Nonhaugfjellet» Eksisterende lokasjon vil bli returnert til opprinnelig utsjånad og bolter fjernet.

VB og beitelaget er klar over kulturminner som dyregraver i området, og vil ta hensyn til dette.

For Fresvik sin del starta prosjektet i 2023. Vedlegg 4 viser sporingsdata frå 2023. Evaluering viste at beitelaga ynskjer vidareføra prosjektet og ta i bruk fleire bjøller. Er gjennom vinteren gått gjennom data frå 2023 og kjørt simulering av områda, som viser at ein har treft ganske godt med det som vart gjort i 2023, men at det fortsatt er enkelte områder med dårlig signal. I samråd med beitelaga er me komme til at for Fresvik sin del bør det hjelpa godt med to ekstra basar, samt flytte ein eksisterande.

Basen er av same type og utsjånad som dei som vart montert i 2023. Montering vil være den same, der ein murer opp med naturstein bak stativ, som sikrer for vær og vind, samt at den vert lite synleg i terrenget. Uttransport og montering vert ordna som i 2023, av beitelaget lokalt. (Utelatt detaljbeskrivelse som var med i søknad 2023).

Vedl 5 VB 2023 Årsmelding Vestland Bjøllelag SA, viser litt historikk og aktivitet / status 2023.


Mål er at baser vert montert første halvdel av juni.

Søker herved òg om løyve til å transportere ut basane med helikopter første del av juni. Er beitelaget lokalt som organiserer dette, men vil truleg klare jobben med 1-2 turer.


Dersom det er ønskeleg med ytterlegare informasjon eller avklaringar, ring Øystein Hennø på 92064358, el Audun Seilen 99563949.

Vedlegg:


- 1. Søknad (dette dokument)*
- 2. 2023-Fresvik-signaldekning Helgedalen*
- 3. 2024-Fresvik-base i Helgedalen
2024-Fresvik-base på Nonhaugfjellet*
- 4. 2023-Fresvik (sporingsdata 2023)*
- 5. VB 2023 Årsmelding Vestland Bjøllelag SA»*




Figur 2: «Vedlegg 3. 2024-Fresvik-base på Nonhaugfjellet». Viser plassering for ny basestasjon (B36) og flytting av eksisterende (B35) på Nonhaugfjellet.



Figur 3: «Vedlegg 3. 2024-Fresvik-base i Helgedalen». Viser plassering for ny basestasjon (gul trekant) på nordsida av Helgedalen.



Figur 4: «Vedlegg 2. 2023-Fresvik-signaldekning Helgedalen».





Figur 5: «Vedlegg 4. 2023-Fresvik (sporingsdata 2023)».

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter» jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter.

Utplassering av basestasjonar er ikkje omtalt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Forvaltninga kan i særskilte høve vurderer om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.» Denne søknaden må vurderast etter naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Føremålet med vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap der kulturlandskap med beitelandskap og stølsområde utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter. Området skal vernast mot tekniske inngrep, men samtidig skal verneområda kunne nyttast til tradisjonelt landbruk og friluftsliv. Basestasjonar for elektroniske sauebjøller er nye teknisk inngrep i landskapet, og slike installasjonar er ikkje omtalt eller vurdert i verneplanprosessen, og er ikkje nemnt i dispensasjonsreglane i verneforskrifta. Det må gjerast ei vurdering av om fleire basestasjonane strir mot verneføremålet eller om det kan påvirke verneverdiane nemneverdig.


Elektroniske sporingsbjøller er eit nyttig hjelpemiddel i landbruket for å letta arbeidet med tilsyn av sau på utmarksbeite, og det er nyttig i samband med sanking av sau på hausten. Erfaringane frå prosjektet viser at systemet fungerer godt, men at det er behov for endringar for å få full dekning og for å utvide området. Ny base over Helgedalen skal løyse problemet med ei sone med dårleg dekning. Flyttinga av base B35 skal også forbetre dekninga i området. Ny base på Nonhaugfjellet (B36) er ei utviding av området mot Lægdene og autsida av Aurlandsfjorden, sidan det er komen inn nye medlemmer frå Austfjelli Beitelag.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan for Nærøyfjorden, forarbeida til vern, og skjøtselsplanar i fleire område. Både basestasjonane som vart satt ut i 2023 og dei det vert søkt om no er innanfor Fjellheimen villreinområde, og viktige funksjonsområde for villrein. Motorisert transport bør difor gjennomførast etter 15. juni for å unngå den mest sårbare tida for villreinen. I uttalen frå villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell frå 2023, vert det understreka at forvaltninga må vera spesielt merksam på samla belastning av tiltak i eit villreinområde. På grunn av auka press og nedbygging av leveområda for villreinen i Norge, vart villreinen oppført på Raudlista for nær trua artar i 2021. Villreinnemnda uttala vidare at basestasjonane ikkje vil vera negativt for villreinen, men transporten i



samband med etableringa av tiltaka må ikkje uroa villreinen. Med den kunnskapen vi har om villreinen sin bruk av området, vil basestasjonane lite truleg ha negativ verknad på villreinen i området. Det er ikkje registrert andre raudlista artar i dei områda basestasjonane er planlagt plassert (Naturbase 03.05.2024). Dette utelukkar like vell ikkje at det er andre raudlista artar i området da det ikkje er gjennomført systematisk kartlegging av dette.

Det er registrert fangstanlegg for villrein i store deler av fjellområdet rundt Fresvikbreen. Kartlegginga av fangstanlegg og andre kulturminne har ikkje vore gjennomført systematisk for heile området, så det kan ikkje utelukkast at det er fleire kulturminne i området. Vestland fylkeskommune viser i si uttale frå 2023 til at fangstanlegga er kulturminne som er automatisk freda etter kulturminnelova, og informerer om at «*Med til ein freda lokalitet eller kulturminne høyrer ei sikringssone på fem meter rekna frå ytterkanten av lokaliteten. I samsvar med kulturminnelova § 3 fyrste ledd er inngrep i automatisk freda kulturminne og sikringssona forbode med mindre det er gitt løyve etter kulturminnelova § 8*». Det er ikkje kjente registreringar av fangstanlegg der basestasjonane er planlagt plassert. Tiltakshavar må likevel vera særskilt merksam på om det kan vera fangstanlegg i området, og melde frå til fylkeskommunen ved eventuelle funn. Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdera denne saka jf. nml. § 8, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor tillagt liten vekt.



Figur 6: Kartet viser registrerte freda kulturminne. Kopi frå fylkesatlas 03.05.2024.



Forvaltninga skal vurdera den samla belastninga eit tiltak vil få på naturmiljøet jf. nml. § 10. Basestasjonane vert nye tekniske inngrep. Dette er små installasjonar som er lite synlege på avstand, og vil ikkje gje dei store endringane i landskapet. Beiting med sau på stølane og i utmarka er positivt for å ta vare på kulturlandskapet, og er med å fremjar verneverdiane.

Løyve til å etablere basestasjonar i dette området vil kunne gje presedens for tilsvarande saker i desse og andre verneområde. Samtidig er beitedyr i området svært positivt for å halda kulturlandskapet ope, og landbruk er ein aktivitet det skal leggjast til rette for. I nyare verneforskrifter for landskapsvernområde er det reglar som opnar for å gje løyve til å sette opp master for elektroniske sauebjøller. Døme på dette er Mørkisdalen landskapsvernområde. I Stølsheimen landskapsvernområde gav ein i 2022 også løyve til å setje opp basestasjonar. Og i 2023 gav Nærøyfjorden landskapsvernområde løyve til 4 basestasjonar da det vart vurdert til å ikkje vere i strid med verneføremålet eller ha betydeleg negativ påverknad på verneverdiane. Ei utviding med to basar og flytting av ein base vil ikkje endre vurderingane frå løyvet gitt i 2023 i betydeleg grad. Elektroniske sauebjøller vil vere med å lette arbeidet med tilsyn og sanking av sau på utmarksbeite, og er ein teknologi som vil bli meir brukt framover.

Tiltaket vil i liten grad medføra inngrep i landskapet, og vil kunne fjernast utan at det vil bli sår i terrenget. Forvaltar vurderer tiltaket som eit bagatellmessig tiltak som er reversibelt. Ved å plassere basestasjonane slik at dei er lite synleg frå turstiar i området, og med minst mogleg silhuettverknad, vil dei vere til liten skade for friluftslivet. Det er lagt opp til i søknaden at mastene skal takast ned om det vert betre dekning i området.

Nml. § 11 er vurdert som ikkje relevant for denne saka.

Basestasjonane som skal etablerast er små og mindre synlege i terrenget enn satellittbaserte stasjonar. Stasjonane kan monterast manuelt, og krev ikkje motorisert transport utanom ein helikopterlanding med utstyr på kvar stasjon. Vedlikehald og tilsyn kan gjerast til fots av beitelaga, og krev ikkje motorisert ferdsl. Forvaltar vurderer basestasjonane og plasseringa som godt vurdert, og at tiltaket er miljøforsvarleg til dette føremålet jf. nml. § 12. Basestasjonane er eit felles tiltak for mange beitelag, og vil vera til nytte for mange grunneigarar med beitedyr i Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Basestasjonane er berre naudsynte fram til den generelle mobildekninga i området vert betre og så lenge beitebrukarane nyttar denne typen teknologi på sporingsbjøllene. Forvaltar innstilte difor i 2023 på eit løyve til mellombels oppsetjing i første rekke til utgangen av 2027. Om det vert behov for basestasjonar ut over denne perioden kan tiltakshavar søkje på nytt. Om bruken av mastene opphøyrer, skal dei straks takast ned og boltar kuttast til bert fjell og alle spor ryddast vekk. Vi ber om at Vestland Bjøllelag SA sender rapport med bilete ved fjerning av basestasjonane.

Dersom det er kjennskap til at villreinen er i området der det skal vera landing, må transporten utsetjast til villreinen har trekt vekk frå området, eller det må landast med helikopter i god avstand til villreinen. Før transporten tek til skal det meldast frå til Statens naturoppsyn. Han vil gje informasjon om kjente observasjonar av kvar villreinen oppheld seg.



Konklusjon

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar basestasjonane ikkje vil ha negativ verknad på verneverdiane, og er ikkje i strid med verneføremålet. På bakgrunn av vurderingar etter nml. §§ 8-12 og verneforskrifta, vurderer forvaltar at det er heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ til å gje løyve til denne utvidinga av basestasjonar på nærare bestemte lokalitetar for elektronisk bjøllesystem i Nærøfjorden landskapsvernområde. Forvaltar rår til eit mellombels løyve som gjeld fram 31.12.2027.



Arkivsaksnr: 2021/2525-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 30.04.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	23/24	13.05.2024

Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - Nedbergo - utbetring av tak på stølshus - 55/1

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Lars Nedberge løyve til å restaurera taket på tømmerdelen av stølshuset på Vassetstølen tilhøyrande gnr. 55, bnr. 1 – Aurland kommune. Nedberge får ikkje lov til å bruke takstolar og heve taket 10 cm slik han har gjort på skotet. For å få lik høgde på taket er det skotet som må senkast.

Dei to vindauga i tømmerdelen av bygget skal restaurerast dersom det er mogleg, eller dei kan skiftast ut med nye vindauge i same storleik og utforming. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde § 3 punkt 1.3 c).

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Øydelagde bord som ligg på takåsane kan skiftast ut, og taket tettast med ny papp. Det kan leggjast rekker og sløyfer under bølgeblekkplatene for å få lufting. Takvinkel og takutstikk skal ikkje endrast. Det kan ikkje brukast takstolar. Skotet skal senkast slik at det blir same takhøgde på tømmerdelen og skotet.
- Takplatene skal nyttast opp att dersom dei ikkje er skada. Nye bølgeblekkplater skal ha same profil som dei gamle.
- Tiltakshavar skal melda frå til sekretær for verneområdestyret når arbeidet startar opp.
- Dersom arbeidet ikkje startar opp innan tre år frå vedtaksdato, må det søkjast om nytt løyve til tiltaket.
- Restmateriale, avfall og utstyr skal fraktast ut av området straks arbeidet er slutført.
- Det skal sendast rapport med bilde til verneområdestyret når tiltaka er gjennomført.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemnd og til straks å melde frå til Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv dersom det under arbeid vert støytt på automatisk freda kulturminne jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.



Saksopplysningar

- Kulturminnefagleg fråsegn – Utbetring av sel – Vassetstølen – Nedbergo – Nærøfjorden landskapsvernområde, *Vestland fylkeskommune*, 26.04.2024
- Søknad om utbedring av råteskader på sel på Vassetstølen, *Lars Nedberge*, 26.08.2023
- Svar – søknad mottatt og handsamingstid, Nærøfjorden verneområdestyre, 11.10.2023
- Vedtak i klagesak om pålegg om retting av tiltak på stølshus i Nærøfjorden landskapsvernområde, *Miljødirektoratet*, 24.01.2024

Søknaden

Eigar av stølshuset på Vassetstølen (55/1) Lars Nedbergo, søker om løyve til å utbetra råteskadar på taket på stølshuset, og sette inn nye vindauger i tømmerdelen av stølshuset. I søknaden skriv han:

«Under restaurering av skåtet til selet på Vassete kom det frem råteskader på selet som eg må utbedre.

Taket er råttent og lekker, vinduene er i stykker og må skiftes.

Taket på Stølshuset er bygd slik at det er 3 stk langsgående stokker som går gjennom selet og skåtet på langs. Ein oppe ved mønet og 2 med på sidene på taket. Disse er i orden og skal beholdes. Disse har og ein avgjørende inn verknad på høgd og vinkel på tak. På selet ligg det bord og oppå stökkene. På topper er det papp og bølgeblikk uten lufting som er i ferd å råtne, selet lekker også.

Taket på skåtet er ca 10 cm høgre en selet, dette på grunn av nye takstoler som forsterking av taket i skåtet. Vil derfor også forsterke taket i selet med 10 cm så de blir like høge. Alt dette får å sikre meg for at taket ikkje raser ved store snømengder. Med like takplater på sel og skåt.

Har lyst til at det arbeidet eg gjær nå skal være solid slik at stølshuset kan stå i flere generasjoner fremover.»



Figur 1 Stølshuset på Vassetstølen, haust 2023. Foto SNO



Figur 2 Stølshuset på Vassetstølen april 2024. Foto SNO



Figur 3 Detaljar tak på skåtet og tømmerdelen på stølshuset. Foto SNO

Søknaden er vurdert i samsvar med

- Forskrift om vern av Nærøfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden, rapport nr. 1 – 2008
- Restaureringsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøfjorden – 2021-2026

Verneforskrift og verneformål

Føremålet i Nærøfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «Føremålet med Nærøfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter».

Alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter er forbode. Vanleg vedlikehald som ikkje fører til vesentlege fasadeendringar på bygningar kan gjennomførast utan søknad. Alt slikt arbeid skal ta utgangspunkt i tradisjonell byggeskikk på staden når det gjeld utforming, fargar og materialbruk. Arbeidet skal ikkje medføre vesentlege endringar på fasade på bygningen. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Påbygging, ombygging eller riving av bygningar og anlegg. Påbygging og ombygging skal vera tilpassa landskap og tradisjonell byggeskikk», jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 c)

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn ved utøving av



offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vassetstølen ligg i Nærøfjorden landskapsvernområde. Dette er stølen til dei to gardane på Nedbergo. Det er tre ståande bygningar på stølen og to tufter med steinmurar. Dei to eldste bygga er registrerte i SEFRAK og er oppførde rundt 1920. Kulturlandskap med stølsområde og kulturminne er eit av verneformåla i Nærøfjorden landskapsvernområde. Istandsetting av stølshus har stor verdi for å ta vare på viktige kulturmiljø. Verneforskrifta regulerer kva inngrep som kan tillast i verneområde. Vanleg vedlikehald av stølshus kan gjennomførast utan søknad, men arbeidet skal ikkje føra til endringar på fasade på bygningen. Skifte av takmateriale og nye vindauge er tiltak som kan gje endringar på fasaden, og er søknadspliktig etter verneforskrifta.

Kunnskapen om området er kjend gjennom forvaltningsplan for Nærøfjorden, restaureringsplan for området, synfaringar, og informasjon frå grunneigar. Området er del av Nordfjella villreinområde (Naturbase 19.04.2024), men det er ikkje villrein i området i dag på grunn av tiltak mot CWD-smitte. Istandsetting av stølshuset er vurdert til i liten grad å påverka villreinområdet. Utbetring av stølshuset vil kunne gje auka ferdsel til området i forhold til i dag, men vil ikkje gje ein vesentleg auke som kan vera til skade for villreinområdet så lenge det ikkje vert auka motorisert ferdsel knytt til stølsområdet. I perioden med vedlikehaldsarbeid må det påreknast noko auke i motorisert ferdsel.

Vassetstølen er registrert som viktig hekkeområde for våtmarksfugl i ein kommunal naturtypekartlegging. Det registrerte området er på 361 dekar og omfattar Vassetvatnet og elvelaup og våtmarksområde sørvest for vatnet. Stølsvollen ligg i utkanten av dette området, og forvaltar vurderer at dette tiltaket ikkje vil ha negativ effekt på våtmarksområdet. Under transport med helikopter bør det ikkje vera lågtflyging over våtmarksområdet på forsommaren med tanke på hekkande vadefuglar.

Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som bra for å vurdere denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt.

Nærøfjorden verneområdestyre gav Lars Nedberge løyve til å setja i stand stølshuset på Vassetstølen, sak 30/21 - 26.04.2021. Arbeidet som vart utført på bygget var ikkje i tråd med vilkåra i løyvet. Verneområdestyret bad derfor om retting av tiltaket. Lars Nedberge klaga på dette vedtaket. Miljødirektoratet har no stadfesta Nærøfjorden verneområdestyre sitt vedtak om å retta tiltaka på bygget som ikkje var i tråd med løyvet (Miljødirektoratet, vedtak i klagesak, 24.01.2024). Eit av tiltaka som skal rettast er å senka takhøgda på skotet. Takhøgda skal vera lik på heile bygget.

Forvaltninga skal vurdere kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på verneområdet og økosystemet jf. nml. § 10. Det er ikkje stølsdrift eller beitedyr på Vassetstølen i dag. Grunneigar ynskjer å nytte stølshuset til fritidsbruk og jakt. Det er av stor verdi at grunneigar vil ta vare på stølshuset på Vassetstølen, og det er forståeleg at han ynskjer å heve standarden på bygget for å få betre tilpassing til dagens bruk, men arbeidet må vera tilpassa den tradisjonelle byggeskikken. Det må gjerast ei vurdering av om tiltaka på stølshuset er tilpassa landskapet og den tradisjonelle byggeskikken på Vassetstølen. Samla



sett vil endringar på stølsbygningar kunne påverka landskapet sitt særpreg, og vera i strid med verneføremålet om å ta vare på kulturlandskapet med kulturminne.

Arbeidet som vart utført på skotdelen av stølshuset i fjor, har ført til at bygget har fått eit anna uttrykk enn det gamle stølshuset. Stølshusa var som regel små bygg, og dei var godt tilpassa landskapet. Bygningane er viktige element i kulturlandskapet, og viser korleis naturressursane vart nytta. Endringar på bygningane fører til at historia til landskapet forsvinn. Det er difor svært viktig å ta vare på tømmerdelen av bygget, og ikkje endra på den tradisjonelle byggemetoden for denne bygningstypen. Slik kan vi hindre at den samla belastninga på verneverdiane og økosystemet aukar.

For å få ei kulturminnefagleg vurdering av saka, har forvaltar henta inn kulturminnefagleg fråsegn frå Vestland fylkeskommune. Dei har gitt fylgjande uttale:

«Taket på stølshuset er bygd med gjennomgåande åsar. På selet ligg det bord direkte på åsene, deretter papp og bølgeblekk. Vestland fylkeskommune meiner at det tømra selet må restaurerast. I dette ligg det at ein reparerer ekisterande vindauga og at taket setjast i stand, utan at det vert heva. Øydelagde bord kan skiftast ut og taket tettast men ny papp. For å gje noko lufting av bølgeblekkplater kan det leggjast på rekker og sløyfer. Etter retting av tiltak på skotet vil dei to delane av stølshuset ha same takhøgde.»

Med bakgrunn i uttalen frå fylkeskommunen, rår forvaltar til at bygget skal restaurerast. For å få lufting av taket, kan det leggjast på rekker og sløyfer. Etter retting av tiltaket på skotet skal tømmerdelen og skotet ha same takhøgde.

Fylkeskommunen rår til at vindauga skal restaurerast. Dersom det er mogleg, bør vindauga restaurerast. Det vert likevel opna for at vindauga kan skiftast ut med tilsvarande vindauga som er i bygget i dag, dersom det ikkje er mogleg å restaurera vindauga. Skifte av vindauga vil endre noko på fasaden, men med dei andre endringane som er gjort på bygget vil det ha mindre å sei i denne saka. Med dei vilkåra som er lagt inn i løyvet, vurderer forvaltar denne arbeidsmetoden til å vera bra tilpassa miljøet jf. nml § 12.

Det kan ikkje brukast takstolar, slik det vart gjort på skotet. Takplatene bør nyttast opp att dersom dei ikkje er skada. Nye bølgeblekkplater skal ha same profil som dei gamle. Utbetring av taket må gjennomførast slik at takvinkel og takutstikk ikkje vert endra. Taket bør ha same enkle preget som det har i dag. Det bør ikkje settast opp vindskier, då det ikkje har vore vindskier på dette bygget tidlegare. Skotet må senkast slik at takhøgda blir lik på heile bygget.

Det er ikkje venta at tiltaket vil føre til skade på naturverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, og med vilkår for gjennomføring, meiner forvaltar det kan gjevast løyve å reparera taket på tømmerdelen av stølshuset på Vassetstølen.



Arkivsaksnr: 2023/17301-0

Sakshandsamar: Jorunn Vallestad

Dato: 06.05.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	24/24	13.05.2024

Nærøyfjorden verneområdestyre - Revidert tiltaksplan etter supplerande tildeling april 2024

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2024 etter fylgjande reviderte tiltaksplan:

Tiltaksplan Nærøyfjorden 2024	30.11.2023	22.02.2024	06.05.2024
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Rev.budsjett	Rev. Budsjett
Skjøtsel av kulturlandskap			
Styvi-Holmo	290 000	290 000	290 000
Stigen	100 000	100 000	100 000
Stokko	60 000	60 000	70 000
Stalheimskleiva	30 000	30 000	40 000
Øvste Stigen	8 600	8 600	8 600
Nedbergo	40 000	40 000	40 000
Skogane	15 000	15 000	15 000
Jeiskali og sti	20 000	20 000	20 000
Fronnes	10 000	10 000	10 000
Nåli + rydding langs stien.	95 000	57 200	100 000
Nordheimsdalen, framande artar i sør	5 440	0	0
Nordheimsdalen, stølen - seminaturleg eng og boreal hei	21 760	0	0
Bleiklindi, murar	10 000	0	0
Sum skjøtsel av kulturlandskap	705 800	630 800	693 600



Nærøfjorden verneområdestyre

Skjøtsel av stølsvegar og stiar			
Restaurering av postvegen	490 000	490 000	490 000
Bru på Odnes, tilleggsbestilling på postvegen	100 000	100 000	100 000
Postvegen Bleiklindi-Styvi - Slått og rydding, årlig.	50 000	50 000	50 000
Rimstigen, årlig	25 000	25 000	25 000
Mur på sti til Stigen	30 000	30 000	30 000
Stiar Fresvik, årlig	20 000	20 000	20 000
Undredal - Stokko, årlig	9 600	9 600	9 600
Underdal - Hovdungo, årlig	9 600	9 600	9 600
Stigen - Beitelen, årlig	3 200	3 200	3 200
Vassete - Stein i Vassetkleiva	19 200	19 200	19 200
Odnesfossen - Planlegge trapp/sti	50 000	0	0
Dyrdal - Salthella - (Rognaldsskori?) - Skogane - Dyrdal, årlig.	14 400	14 400	14 400
Grøfter gamle Bakkaveg, årlig	15 000	15 000	15 000
Mur sti til Frondalen	20 000	0	0
Gamlevegen i Dyrdal, årlig	5 000	0	0
Nordheimsdalen - stien i Galden -fella furutre under mur (førebygging av skade)	10 880	0	10 880
Brekkefossen - Raokjen - fikse litt på steintrappa	25 600	0	25 600
	897 480	786 000	822 480
Sum skjøtsel av stølsvegar og stiar			
Tilrettelegging og informasjonstiltak			
Delfinansiering infallsport Stalheimskleiva/infopunkt ved Sivlesteinen og opningsarrangement Stalheimskleiva	200 000	130 000	120 000
Delfinansiering informasjonspunkt verdsarvhus på Bakka	100 000	0	40 000
Bålplassar ved fjorden	20 000	5 000	5 000
Nordheimsdalen - delfinansiering kai	14 500	0	0
Delfinansiering av skilt/innfallsportar	50 000	30 000	40 000
Vedlikehald og drift av klosett Styvi		5 800	5 800
Vedlikehald og drift av utedoar langs fjorden		12 400	12 400
Nye utedoar			61 000
Sum tilrettelegging og informasjonstiltak	384 500	183 200	284 200
Sum tiltaksmidlar totalt	1 987 780	1 600 000	1 800 280



Midlar 2024	
Tildelte tiltaksmidlar feb. 24	1 500 000
Grunnstøtte til drift (ny) feb. 24	100 000
Ekstramidlar restaurering april	200 000
Sum tildelte midlar	1 800 000
Balanse	0

Saksopplysningar

I hovudtildelinga for 2024 fekk Nærøfjorden verneområdestyre nesten 400 000 kr mindre tiltaksmidlar enn omsøkt. Til kunnskapsinnhenting fekk styret berre 200 000 av omsøkte 800 000 kr. Samtidig som revidert budsjett vart godkjent på styremøte 22. februar (sak 8/24) vart styret einige om at vi skulle søke om supplerande midlar både til drift og tiltak.

Vi har no fått tilsagn om 200 000 kr ekstra i tiltaksmidlar, men foreløpig ikkje noko ekstra til kunnskapsinnhentinga. Det vi har fått tilsagn på i supplerande tildeling er 100 000 kr til restaurering av slåttemark på Nåli og 100 000 kr til restaurering av brua på Odnas.

Vurdering

Sidan vi no har fått fullfinansiert prosjekta på Nåli og Odnas kan vi ta inn igjen ein del av dei andre prosjekta som vi måtte kutte ved sist revidering. I tillegg har det kome opp eit par nye tiltak som forvaltarane foreslår å legge inn i revidert budsjett.

Forvaltar foreslår å auke pottane til arbeid på Stokko og Stalheimskleiva med 10 000 kr kvar, det same med midlar til å delfinansiere innfallsporatar og skilt, då arbeidet her ligg an til å bli litt dyrare/meir omfattande enn først forventa. Midlane til skilt vil gå til delfinansiering av nye kortenstålskilt på Stalheim/Sivleplassen. Prosjektet med å felle tre under stien i Galden i Nordheimsdalen er foreslått tatt inn igjen. Det same er prosjektet med å fikse på steintrappa opp til Brekkefossen. Vi foreslår å legge inn igjen 40 000 til delfinansiering av verdsarvhuset på Bakka, der det trengs meir midlar for å fullføre informasjonsarbeidet til opning i juni. I tillegg foreslår vi å sette av ein pott til å fortsette å byte ut/oppgradere utedoar der dette trengs. Det har mellom anna kome innspel om at utedoen på Hjølmo (stølen i Dyrdal) trengs å bytast ut. Det er mange turgåarar som passerer forbi stølen og brukar utedoen, og det kan derfor vere aktuelt å sette opp ein do av same type som komposterings-utedoen som vart bygd på Odnas i fjor.